



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **AU i verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** Teams,

**Dato:** 13.03.2023

**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 7/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 8/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 9/23	Referatsaker		
AU 10/23	Orienteringssaker		
AU 11/23	Søknad om dispensasjon til arrangement for skuleklasser ved rasteplassen ved Håhellervatn i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 36/1, Sirdal kommune - Sirdal Huskyfarm		2023/2548
AU 12/23	Søknad om endring av vilkår i byggeløyve. Krokevassskvæven. Bykle fjellstyre. Bykle kommune		2022/7928
AU 13/23	Søknad om motorferdsel og dispensasjon frå ferdselsforbod gnr. 8, bnr. 1 og 2. Bykle kommune. Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Å Energi.		2023/319
AU 14/23	Motorferdsel i verneområdet SVR. [REDACTED]	X	2023/3098
AU 15/23	Eventuelt		

**AU 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**AU 8/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**  
**AU 9/23 Referatsaker**  
**AU 10/23 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

Postadresse  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

Besøksadresse  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
alf.odden@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/2548-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 03.03.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	11/23	13.03.2023

### **Søknad om dispensasjon til gjennomføring av arrangement for skuleklasser ved rasteplassen ved Håhellervatn i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 36/1, Sirdal kommune - Sirdal Huskyfarm**

Vedlegg:

- 1 Sirdal Huskyfarm - Søknad om dispensasjon til arrangement
- 2 Sirdal Huskyfarm - Beskriving av skuleprosjekt

#### **Forvalters innstilling**


AU i verneområdestyret for SVR gir Sirdal Huskyfarm v/Odd Kvinen løyve til å gjennomføre eit arrangement med for skuleklasser ved rasteplassen ved Håhellervatnet. Løyvet gjeld for 06.06.2023, eventuelt ein dag seinare på sommaren. Løyve omfattar og nødvendig opprigging to dagar før arrangementet og nedrigging to dagar etter arrangementet. Øvre tal på deltakarar er sett til 120. Løyvet er gitt etter kapittel IV, punkt 4.1 i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Løyve gjeld for område som er vist på kart i vedtaket.

Løyve er gitt med desse vilkåra:

- Alt av søppel og avfall frå arrangementet skal transporterast ut av verneområde leverast på godkjend mottak
- Lavvoane og aktivitetane under arrangementet på plasserast slik at ein unngår slitasje på terrenget

Som grunngeving for løyvet legg AU vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna ferdsel og infrastruktur/inngrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring. Det blir og lagt vekt på at arrangementet legg opp til å formidle verdifull kunnskap til skuleelevane i regionen.

Kart over område for arrangementet.



## Saksopplysninger

### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 20.01.2023.

Sirdal Huskyfarm v/ Odd Kvinen søker om å få gjennomføre eit arrangement ved rasteplassen ved Håhellervatnet 06.06.2023. Arrangementet er for 9. klasse elevar frå skular i Bykle, Valle, Bygland, Åseral og Sirdal. Det vil delta om lag 80 elevar, og saman med lærarar og arrangementstab blir det om lag 100 deltakarar på arrangementet. Initiativtakar og hovudansvarleg er Sirdal Huskyfarm, men og Statskog, SVR, Sira-Kvina kraftselskap, Sirdal Fjellmuseum og Outdoor College vil bidra på arrangementet. Føremålet med arrangementet er å formidle kunnskap om verneområdet til framtidens forvaltarar. Målsettinga er å utvikle dette til eit årleg arrangement for skulane i regionen.

Under arrangementet blir skuleelevane delt i åtte grupper som skal rullere på ulike stasjonar. Aktue eller tema og aktivitetar er mellom anna; Verneområdet og verneverdiar, bogeskyting, villrein og kraftproduksjon, Outdoor College, tradisjonell bruk av heiane, Statskog, hundekjøring, naturbasert næring.

Det er i all hovudsak Statskog og SKK som er grunneigar i området. Dei vil og delta i arrangementet.

### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde frå 28.04.2000
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015
- Naturmangfoldloven

### Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av kap. 4.1 i verneforskrifta går det fram at arrangering av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet. I denne saka er det tale om ein eit stort arrangement som utløysar krav om søknad.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

## Vurdering

### Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sine GPS-merkeprosjekt og [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no). Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Gjennom vinteren i perioden vegen Brokke – Suleskard er stengd vert områda på både sider av vegen nytta av villreinen. Etter at vegen vert opna 20. mai og etter kvart som trafikken på vegen og ferdsle ut frå vegen tek seg opp, nyttar villreinen i hovudsak områda lenger nord for vegen. Dette kan og henge saman med mellom anna beitetilhøve og tilgang på høgareliggande areal med snøfenner. Nokre dyr, i første rekke mindre bukkeflokkar kan helde seg i områda sørover frå vegen.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på «Norsk rødliste» i området. Det er heller ikkje funne informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på «Norsk rødliste for naturtypar». Det har heller ikkje kome fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

### Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).



Det er frå før mykje aktivitet i området knytt til ferdsel på og ut i frå vegen. Ved Håhellervatn ligg også ein rasteplass som i si tid vart etablert av SVR. Rosskreppfjorden er regulert og med tre større dammar i sør-enden. Fossebu er ei hytte eigd av Statskog, her er det også eit garasjeanlegg og nedkøyringsrampe for båtslepp.

Forvaltar legg til grunn at tilleggsbelastninga ved gjennomføringa av arrangementet i området vil ha liten til inga negativ innverknad på dyrelivet i området. Aktiviteten frå om lag 100 personar kan gi ein viss fare for slitasje på vegetasjon. Viktig at ein difor er medviten på dette ved plassering av lavoane og anna aktivitet. Når det er sagt så vurderer ein området til ikkje å vera særskilt sårbar i høve til dette.

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Arrangør er ansvarleg for at gjennomføring på ei miljømessig god måte. Det må leggjast vekt på at plassering av lavvoar og annan aktivitet skjer på område der vegetasjonen toler ein del slitasje. Alt av søppel og avfall skal takast med etter avslutning.

### Konklusjon

Arrangementet vil berre i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og kjem heller ikkje i konflikt med verneformålet. Det vert lagt vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna infrastruktur/inngrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring. Det blir og lagt vekt på at arrangementet legg opp til å formidle verdifull kunnskap til skuleelevane i regionen.





## **Søknad om tillatelse for arrangement ved info- senteret på Håhellervatn 6. juni 2023**

Viser til vedlagt prosjektbeskrivelse der 9. klasse elever fra Bykle, Valle, Bygland, Åseral, Sinnes og Tonstad har bekreftet at de vil delta på aktivitetsdag 6. juni 2023 ved infosenteret, Håhellervatn.

Initiativ og hovedansvarlig er Sirdal Huskyfarm og medspillere blir grunneier (Statskog), forvaltning (områdeforvalter), næringsaktør (Sira- Kvina), Magnar Undheim (kultur) og Outdoor College (tysk privatskole i Sirdal tilsvarende alder som 9. klassesetrinn i Norge).

Hensikt med arrangementet er å formidle kunnskap om verneområdet til fremtidens forvaltere.

Visjonen er å kunne utvikle dette til et årlig arrangement for skolene i regionen og som videre innarbeider dagen i skolenes årsplaner, gjerne knyttet opp mot bærekraft.

Ser frem til en positiv tilbakemelding.

Med vennlig hilsen

Sirdal Huskyfarm, 20.01.2023

Odd Kvinen





## Skoleprosjekt 9. klasse- forslag til organisering og program

**Generelt:** Foreløpig dato er satt til tirsdag 23. mai 2023 med fremmøte ved infosenteret på Håhellervatn (Suleskarvegen)- dato må bekreftes og avklares med alle involverte parter/ deltakere. Vi ser også for oss å ha en «plan B» i tilfelle værforhold blir for kompliserte og vil da foreslå Kvæven Bygdetun i Sirdal.

Vi anslår et totalt antall elever fra alle skolene, (Bykle, Valle, Bygland, Åseral, Sinnes og Tonstad), til ca. 80 elever totalt. I tillegg kommer Outdoor College, lærere som følger klassene og alle som er involvert i selve gjennomføringen og organiseringen (innhold) av dagen.

Vi vil dele inn alle elevene i 8 grupper og fordeler (blander) elever fra ulike skoler (unngå at elev i en gruppe blir alene fra sin skole). Videre vil vi da ha 8 ulike poster (tema) som rullerer med ca. ½-time+ på hver post/ tema/ aktivitet- alle skal innom 8 poster.

Det vil bli rigget opp 2 ovns lavvoer som «varmeposter» og bål plass (i tråd med verneforskrifter;-) Arrangement og aktiviteter må ikke medføre slitasje/ spor i terrenget.

### Tema, aktiviteter og roller

**Post 1:** Info om verneområdet og verneverdier- ( gjerne kombinert med enkel aktivitet).

**Ansvarlig: Jørn og Guro (områdeforvaltere)**

**Post 2:** Bueskyting på blink og animasjonsdyr (sikkerhetsnett brukes) **Ansvarlig: Ernesto og OC-elever**

**Post 3:** Utfordringer i et verneområdet som kalles «Europas grønne batteri» og forvaltning av Europas sørligste villreinstamme. **Ansvarlig: Sira- Kvina kraftselskap** (gjerne kombinert med enkel aktivitet)

**Post 4:** Outdoor College, forteller om sitt skoleår i Sirdal og bruk av naturen i og utenfor verneområdet. **Ansvarlig: Günther Hoffmann**

**Post 5:** Bruk og betydning av heia for bygdene i eldre tider. **Ansvarlig: Magnar Undheim**

**Post 6:** Info om Statskog som stor grunneier med samfunnsansvar og tilrettelegger for bygdene og allmenheten. **Ansvarlig: Kristian Eiken Olsen (Statskog)**

**Post 7:** Hundekjøring på hjul (eller slede) **Ansvarlig: Sirdal Huskyfarm og Outdoor College**

**Post 8:** Naturbasert næring i og utenfor verneområdet- bærekraftig bygdeutvikling. **Ansvarlig: Odd kvinen**





### **Forslag, program:**

**Kl 10:00 Ankomst infosenteret v/ Håhellervatn**

**Kl 10:30- 12:45 Gjennomføring av 4 poster**

**Kl 12:45 Lunsj** Vi serverer viltsuppe med brød, selvsagt lokalt og kortreist

**Kl 13:30- 15:45 Gjennomføring av siste poster**

**Kl 16:00 God tur hjem- avslutning**

**Kommentarer:** Vi er en stor gruppe og mange tema/ aktiviteter som vi alle skal innom, og det hele skal koordineres mellom de ulike postene. Derfor er det lagt inn litt «ekstra tid» til gangavstand og samling av gruppene- det trenger vi.

Vi vil på forhånd ha alle gruppene klar med gruppeleder for hver gruppe og utarbeide kart over området der alle postene er inntegnet. Alle aktiviteter/ tema vil foregå i kort avstand fra Infosenteret.

### **Videre arbeid/ utfordringer/ avklaringer:**

- Tilbakemelding fra skolene (og andre involverte parter), avklare dato og få en bekreftelse på at alle skoler stiller seg positive til prosjektet
- Søke styret i SVR om tillatelse for arrangementet på avtalt tidspunkt
- Vi må ha alle detaljer ang. arrangementet avklart før jul
- Skolene vil få en enkel «hjemmelekse» (forberedelser) før arrangementet
- Vi vil filme hele arrangementet og vi vil invitere media

Vil gjerne ha tilbakemeldinger!

Sirdal, oktober 2022

Odd Kvinen



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/7928-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 09.03.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	12/23	13.03.2023

## Søknad om endring av vilkår i byggeløyve. Krokevassskvæven. Bykle fjellstyre. Bykle kommune

Vedlegg:

1 Søknad BF

### Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.1 og kap. 4 pkt. 1.3.c vert det gjeven avslag på Bykle Fjellstyre sin søknad om å endre dato for oppstart av byggearbeidet gjeven i AU 17.10.2022 sak 49/22.

Av omsyn til villrein bør det vera minst mogleg forstyrning i området gjennom vårknipa. Arbeidsutvalet kan ikkje sjå at det er tungtvegande grunnar for å avvike frå byggestart 1. juli då vegen inn til Store Urevatn normalt er farbar.

### Saksopplysninger

Bykle fjellstyre fekk i AU 17.10.2022, sak 49/22 løyve til å sette opp tilbygg og terrasse på eksisterande fjellstyrehytte i Krokevassskvæven i Bykle. Tillate storleik var 4,5 kvdm. BYA på tilbygg og 4,5 kvdm. på terrasse.

Eit av vilkåra var at «*Grunna nærleik til kalvingsområde for villrein skal byggearbeidet starte tidlegast 1. juli*»

I e-post dagsett 1.3.2023 har Bykle fjellstyre v/Jan D. Dalen bede om at dei kan starte byggearbeidet tidlegare, dvs. før ferdselsforbodet trer i kraft 25.4 (vedlegg 1). Planen er å frakte inn materiale og utstyr ein dag og gjere ferdig tilbygget utvendig i løpet av dag to. Resten av



arbeidet gjerast etter 1. juli. Årsaka til at dette kjem opp no er at det har vore ein svikt i kommunikasjonen mellom leiar av fjellstyret og dei som skal utføre arbeidet. Søknaden er inga klage på AU sitt vedtak då klagefristen for lengst har gått ut. Saka må difor handsamast som ein ny søknad.

Av verneforskrifta kap 4 pkt. 1.3. bokstav c går det fram at når tiltaket kan skje utan at det strir mot verneføremålet, klan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gi løyve til *mindre tilbygg til eksisterande bygningar*. Løyve gjeven i AU sak 49/22 vart gjeven etter denne paragrafen, og med fleire vilkår knytt til gjennomføringa av tiltaket.

## Vurdering

Hytta i Krokevasskvæven ligg i eit områda som villreinen oppheld seg i gjennom store delar av året. Om lag ein kilometer mot aust kjem ein inn i kalvingsområdet Vatnedalsheii med ferdselsforbod 25.4 – 31.5

Gjeven lokalisering i ein så sentral del av villreinområdet meiner forvaltar forstyrringa som følgje av byggeaktiviteten bør leggest til etter at villreinen har komen seg gjennom vårknipa. Dato for byggestart var difor satt til etter 1. juli.

Vilkåret kan gjere det litt meir tungvint å gjennomføre arbeidet, men vurderast likevel å vera godt innafor kva som er rimeleg og sakleg vilkår i ein så sentral del av villreinområdet. Etter det forvaltar kan sjå har ikkje tiltakshavar komen med tungtvegande argument for å starte arbeidet tidlegare.

For ei fullstendig vurdering etter naturmangfaldslova § 8 – 12 syner forvaltar til vurderinga gjeven i AU sak 49/22

## Konklusjon

Byggestart for arbeidet vert tidlegast 1. juli.

## Haug, Jørn Trygve

---

**Fra:** Jan Dagfinn Dalen <Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no>  
**Sendt:** onsdag 1. mars 2023 08:35  
**Til:** Haug, Jørn Trygve  
**Emne:** Delegasjonssak 795/22 - tilbygg hytte i Krokevasskvæven Bykle Statsallmenning

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

**Kategorier:** Arkivert i Elements

Hei.

Takk for tilbakemelding. Her har det nok vore ein liten svikt i kommunikasjonen mellom meg som leiar i fjellstyret og dei som skal bygge dette tilbygget for oss.

Dei som skal bygge dette ynskjer å starte byggingen nå før ferdselsforbudet trer inn 25.april.

Planen er at dei frakter inn materialer/utstyr og bygger ferdig utvendig. Dette trenger de 2 dager på. Dvs at de frakter inn materialer/utstyr ene dagen, starter bygging samme dag og avslutter bygging dagen etter før de da kjører heim att. Dei skal være to mann på kvar sin scooter. Scooterløyve har vi fra før.

Me tek ALLTID hensyn dersom det er villrein i nærleiken.

Resten av byggearbeidene vil bli utført etter 1.juli.

Tiltaksløyvet vart gjeve med slikt vilkår: *Grunna nærleik til kalvingsområde for villrein skal byggearbeidet starte tidligast 1.juli.*

Vi søkjer om at vi kan fravike dette vilkåret slik eg har beskrevet det ovanfor.

Med helsing  
Jan D. Dalen  
Bykle fjellstyre

---

**Fra:** Haug, Jørn Trygve <jorn.haug@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** mandag 27. februar 2023 13:43  
**Til:** Jan Dagfinn Dalen <Jan.Dagfinn.Dalen@bykle.kommune.no>  
**Emne:** Vedk. tilbygg Krokevasskvæven

Hei Jan, som du rett var inne på er byggestart satt til etter 1. juli for å unngå mykje uroing av reinen gjennom vinterknipa.

Meiner det også var det som låg til grunn for søknaden jamfør formuleringa i saka om at «*Bygging skal ta til etter at vegen inn til Store Urevatn er ope, normalt etter 1. juli*»

Vi kan sjølvsagt ha tala forbi kvarandre. Eg tenker de uansett må halde dykk til vilkåra slik dei står.

Venleg helsing

*Jørn Trygve Haug*  
Verneområdeforvaltar  
Tlf. 38 17 62 06/ 95 20 70 83





**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/319-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 09.03.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	13/23	13.03.2023

### **Søknad om motorferdsel og dispensasjon frå ferdselsforbod gnr. 8, bnr. 1 og 2. Bykle kommune. Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Å Energi.**

#### **Forvalters innstilling**

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Å Energi Vannkraft løyve til landing med helikopter til frakt av materialar og utstyr for gjennomføring av vedlikehaldsarbeid på båtopptrekka ved Sandbekk og Stakkeslåtta i Botsvatn, samt fjerning av nedfallen hengebru ved utløpet av Brattelielvi i *Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde*. Løyvet gjeld også for naudsynt ferdsel til fots og bruk av båt på magasinet for å gjennomføre vedlikehaldsarbeidet.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Lågtflyging med helikopter under 300 meters høgde samt landing med helikopter skal skje utanom perioden f.o.m 20 april t.o.m 31 mai.
- Landing, inkludert henting og bringing av gods sjølv om landing fysisk ikkje finn stad, skal skje i ein maksimal avstand på 100 meter frå nemnde båtopptrekk og hengebru. Flyging mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute.
- Løyvet gjeld for inntil 8 landingar totalt.
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m. frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyrning er over.
- Løyvet gjeld fram til 1.10.2026.

Som grunngeving legg arbeidsutvalet vekt på at verneforskrifta opnar for å vedlikehalde eksisterande anlegg. For å unngå forstyrning av villreinen i ei særleg sårbar tid på året må bruk av helikopter skje etter 31. mai.



For landing med helikopter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte landing på sin eigedom. Om det skal landast på andre sin eigedom oppmodar vi difor om at det vert henta inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.


## Saksopplysninger

Å Energi Vannkraft (tidl. Agder Energi Vannkraft) har søkt om bruk av helikopter og motorbåt i samband med vedlikehald av båtopptrekk ved Stakkeslåtta og Sandbekk vest i Botsvatn i Bykle. Det skal også fjernast ei gamal hengebru ved Bratteli som delvis har falt ned og som ikkje er i bruk. Det er Statskog som er grunneigar i området. I følgje avtale er det regulant som har ansvaret for vedlikehald av båtopptrekka. Desse har forfalle over tid og det er ønskeleg at dei vert rusta opp til brukbar stand. Grunna fleire periodar med lågare vassstand i Svartevassmagasinet har det i følgje Statskog blitt meir aktuelt å nytte tilkomsten frå aust, dvs via Botsvatn.

Det vert søkt om til saman 8 landingar for gjennomføring av arbeidet. I tillegg bruk av båt på magasinet. Søknaden gjeld også dispensasjon frå ferdselsforbodet i området.

Arbeidet på båtopptrekka skal skje i periode med lav vasstand slik at heile trallebanen er tilgjengeleg. Søkar ønskjer i utgangspunktet å gjere arbeidet til våren. Slik det ser ut no synast det mest aktuelt å gjere arbeidet i løpet av april. Det kan også vera aktuelt seinare på året i samband med nedtapping som følgje av anna vedlikehaldsarbeid. Ferdsel med båt vil måtte skje årleg for å ha tilsyn og vedlikehalde båtopptrekka.

Kart nedanfor syner plassering av båtopptrekka (blå punkt) og hengebrua (raudt punkt). Vernegrensa er teikna med raud line.



### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde av 28.4.2000.
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

### *Heimelsgrunnlag*

Føremålet med vernet er å sikre eit særskilt viktig heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei. Båtopptrekka og hengebrua ligg i sone A ref. kap. 2 i verneforskrifta. I denne sona er all ferdsel forbode heile året ref. verneforskrifta kap. 4 pkt. 2.1. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 2.2 bokstav e, gjeld ikkje forbodet naudsynt ferdsel for grunneigar for tilsyn av eigedomen.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 3.1 er motorisert ferdsel på land forbode. I tillegg er det etter kap. 4 pkt. 3.2 forbod mot lågtflyging under 300 m.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.2 bokstav c er vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg tillate utan særskild søknad.

Når det gjeld vernegrensa skriv søkar at det ikkje kan vera rett at vestre del av Botsvatn ligg innafor vernegrensa for biotopvernområdet. Forvaltar er ikkje samd i denne påstanden. Verneforskrifta kap. 1 syner til kart frå Miljøverndepartementet dagsett desember 2008 (<https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/21938.PDF9>). I følgje kartet ligg del av Botsvatn vest for Dysjesundet innanfor vernegrensa og sone A.

Som ein ser er heimelsgrunnlaget relativt komplisert i det aktuelle området. Kort summert må følgjande tilhøve handsamast som dispensasjon frå verneforskrifta:

- Dispensasjon frå ferdselsforbodet inkl. bruk av båt på vestre del av Botsvatn innanfor vernegrensa sidan ferdselsforbodet også gjeld der.
- Dispensasjon til landing med helikopter samt lågtflyging under 300 m

I verneforskrifta er det ikkje gjeven noko særskild dispensasjonsheimel til desse føremåla. Saka må difor handsamast etter unntaksbestemminga i naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

## **Vurdering**

### *Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

### *Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Det viktigaste villreintrekket i Steinsbuskardet går i hovudsak lengre vest ved Storevassdammen ved Blåsjø og vert såleis ikkje ramma av tiltaka/aktiviteten det er søkt om. På barmark kryssar også villreinen meir sporadisk vest for Botsvatn. Høgheia på båe sider av dalføret er elles område som villreinen nyttar gjennom store delar av året. Kalving skjer i noko omfang sør for Botsvatn og retning Hisdal og Ljosådalen.

Ved Sandbekk er det i kulturminnebasen registrert restar etter seter/støl, men det er ingen freda lokalitet. Då arbeidet på båtopptrekker gjeld vedlikehald er forvaltar si vurdering at det uansett ikkje råkar nemnde kulturminne.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

#### *Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)*

I området har ein tyngre teknisk inngrep i form av det regulerte magasinet Botsvatn og kraftliner gjennom dalføret. Det er få hytter/driftshusvære i området og såleis generelt lite aktivitet og motorferdsel gjennom året. Sør for Botsvatn går DNT sør si merka sommarløypa mellom Viki og Kringlevatn. Gjennomgåande er det lite ferdsl i denne løypa.

Det kan synast rart å skulle tillate vedlikehald av eit båtopptrekk i eit område der det uansett er ferdslsforbod. I ei slik vurdering må ein sjå til verneforskrifta kap.4 pkt. 2.2 bokstav e der det går fram at ferdslsforboda ikkje gjeld for grunneigar ved tilsyn av eigeidomen. Grunneigar Statskog vil såleis ha nytte av båtopptrekka i samband med eget tilsyn. Forvaltar legg difor til grunn at tiltaket ikkje er ei tilrettelegging for ålmenta.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga moderat. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at en ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i områda.

#### *Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)*

Tiltakshavar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det bør settast vilkår for gjennomføring.

#### *Vurdering etter naturmangfaldslova § 48*

Verneforskrifta opnar for at ein skal kunne drive vedlikehald på eksisterande anlegg. Det er såleis rimeleg at det reint praktisk vert lagt til rette for dette. Samstundes er det ei streng verneform der verneføremålet er omsyn til trekkvegar og kalvingsområde for villrein. Særleg flyging og landing med helikopter seint i april og mai månad vil vera særleg problematisk for kalvetunge simler. Av omsyn til dette bør ein difor unngå lågtflyging og landing i denne perioden. Gjeven at båtopptrekka har vore ute av drift i mange år bør ikkje ei slik forseinking vera særleg dramatisk. Søkar har da også sjølv peika på at det kan opne seg moglegheit seinare på året når magasinet vert tappa ned. For fjerning av hengebrua kan dette gjerast uavhengig av vasstanden i magasinet.



## Konklusjon

Det vert gjeven dispensasjon frå ferdselsforbodet og til landing med helikopter for gjennomføring av naudsynt arbeid. Grunna nærleik til kalvingsområde for villrein og ei særleg sårbar tid på året bør transport med helikopter skje etter mai månad.



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/3098-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 08.03.2023




**U.off: offl. § 15**

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	14/23	13.03.2023


### Motorferdsel i verneområdet SVR.


### Forvalters innstilling

### Saksopplysninger











## Vurdering





## Konklusjon



**AU 15/23 Eventuelt**